



BARNEOMBODET

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)
Postboks 8113 Dep
0032 OSLO

Vår ref:
19/00373-3

Saksbehandlar:
Camilla Kayed

Dato:
21. juni 2019

Høyring - retningslinje om barnevernets ansvar for barn som gjer straffbare handlingar

Barneombudet takkar for moglegheit til å komme med kommentarar på retningslinja. Barneombudet går ikkje inn i detaljane i teksten, men har nokre overordna kommentarar til retningslinja.

Etter vår meining er formålet med retningslinja uklart. Det står i høyringsbrevet at retningslinja skal gje oversikt over gjeldande rett for å gjere det tydeleg for dei som arbeider i barnevernet kva dei skal gjere når barn *har gjort straffbare handlingar*.

I tillegg skal retningslinja gje faglege anbefalingar om:

- førebyggjande arbeid for barn som *ikkje har gjort alvorlege straffbare handlingar*.
- oppfølging av *barn som har det vanskeleg og problematisk knytt til dette som følge av straffbare handlingar*.
- korleis barnevernet skal følgje opp *dei barna som har gjort så alvorlege straffbare handlingar at dei må sone fengselsstraff*.

Slik Barneombudet les formålet, er det veldig vanskeleg å forstå korleis dette er avgrensa og kva for barn det er retningslinja skal gjelde for. Når vi les retningslinja, står det mest om barnevernets ansvar for dei som er i fengsel, og dette er jo ei veldig lita gruppe. Vi etterlyser derfor ein beskriving i retningslinja av barn i konflikt med lova som tar for seg dei barna som ikkje er i fengsel.

Barneombudet meiner at barneverntenesta sitt ansvar for førebyggjande arbeid framleis er like uklart etter framstillinga i retningslinja. Ei retningslinje skal vere til hjelp i arbeidet i praksis, og denne framstillinga bidreg etter vårt syn ikkje til det. Vi føreslår at dette går ut, og at det generelle førebyggingsarbeidet ikkje er ein del av denne retningslinja.

Generelt ber retningslinja preg av ein blanding av standard informasjon om barnevernloven som allereie er godt kjend for dei som arbeider i barnevernet, og litt meir spesifikk informasjon knytt til barn i konflikt med lova. Retningslinja bør ikkje vere ein generell opplisting av universelle tiltak, men eit konkret verktøy for dei som arbeider i barnevernet med akkurat denne gruppa barn. Slik vi les den no, er den ikkje ei fagleg retningslinje, berre ein gjennomgang av gjeldande rett. Etter vår meining bør direktoratet i mykje større grad gi fagleg rettleiing basert på forskning.

Retningslinja må derfor vere mykje tydelegare på:

-kva kjenneteiknar barn i konflikt med lova

-kva for tiltak som kan hjelpe akkurat dei ut frå det vi veit at dei slit med, sett opp mot forskning.

-ei beskriving av ungdomsstraff og ungdomsoppfølging og kva for rolle barnevernet kan og skal spille i gjennomføring av desse.

-barnevernet sitt ansvar for barn på institusjon som følge av kriminalitet.

-ei konkret beskriving av korleis barnevernet skal gå fram for å sikre at barn i konflikt med lova får god kartlegging av sine behov og god helsehjelp.

-ei god gjennomgang av kva for særlege utfordringar med samarbeid som er kjende i arbeid med barn i konflikt med lova og konkrete løysningar på korleis ein skal løyse desse.

-ei god gjennomgang av problematikk knytt til tvang i barneverninstitusjon.

Retningslinja må basere seg på forskning, vere brukarvenleg med eit enklare språk, gje konkrete faglege råd og ein tydeleg retning for dei som arbeider i tenesta.

Venleg helsing

Inga Bejer Engh
barneombod

Camilla Kayed
fagsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.